



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato  
11.10.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/11828  
Dykkar referanse

Bjørkhaug AS  
Storaneset 12  
5260 INDRE ARNA

### Rapport frå inspeksjon ved Bjørkhaug AS 2. oktober 2012

Rapportnummer: 2012.064. I.FMHO

#### Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Øyvind Meek  
Rune Skotnes

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Hallvard Hageberg  
Nina Vadøy

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- Drift og lagring
- Internkontroll

Avvika er nærare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

Bjørkhaug AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. februar 2013** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Med helsing

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

Nina Vadøy  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Bergen kommune Postboks 7700 5020 Bergen

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Bjørkhaug AS	<b>Anleggsnr:</b> 1201.0533.01
<b>Besøksadresse:</b> Storanaset 12, 5260 Indre Arna	
<b>Postadresse:</b> Storanaset 12, 5260 Indre Arna	
<b>E-post:</b>	<b>Telefon:</b> 55 56 81 00
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Organisasjonsnr.:</b> 973 725 408
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 88.994 – Varig tilrettelagt arbeid	<b>Eigar (org.nr):</b> 959 510 334
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 22. desember 2010	<b>Kontrollklasse/risikoklasse:</b> 4

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir overhalde.

Fylkesmannen i Hordaland har ein lokal tilsynsaksjon med verksemdene som handterer EE-avfall. Målet med aksjonen er å kontrollere at verksemdene held krava i konsesjonen og at drifta ikkje fører til uakseptabel forureining.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Drift og lagring
- Kontroll med avfallsstraum
- Fast dekke og tak
- Reinseanlegg
- Farleg avfall
- Avvikshandtering
- Risikovurdering

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda plikter snarast å rette opp avvika som er omtala i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. februar 2013 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. februar 2013, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket om tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

#### **4. Kontrollgebyr**

Fylkesmannen varsler i e-post 10. september 2012 at Bjørkhaug AS skal betale gebyr for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4 og skal betale 4 500 kr for den gjennomførte inspeksjonen. Klima- og forureiningsdirektoratet sender faktura.

#### **5. Offentleggjering**

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

#### **6. Dokumentunderlag**

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 22. desember 2010

Informasjon om regelverket finn du på [www.klif.no](http://www.klif.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

#### **Definisjonar**

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

#### **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

**Avvik 1: Verksemda driv ikkje i samsvar med løyvet.**

##### **Avvik frå:**

Utsleppsløyvet av 22. desember 2010 punkt 4.1 og punkt 2.5.

##### **Kommentarar:**

##### **Verksemda har ikkje sendt dokumentasjon på økonomisk garanti**

Verksemda skal stille økonomisk garanti for å sikre at motteke farleg avfall blir forsvarleg handtert og handsama vidare, dersom verksemda legg ned verksemda si eller på annan måte ikkje er i stand til sjølv å handsame avfallet. Verksemda har krav i løyvet om å sende dokumentasjon som viser at den økonomiske garantien er tilfredsstillande. Fylkesmannen har ikkje fått dokumentasjon på dette.

## **Verksemnda registrerer ikkje vektmengde EE-avfall i mottakskontrollen**

Verksemnda registrerer tal på gjenstandar i mottakskontrollen, men registrerer ikkje vektmengde EE-avfall.

### **Avvik 2: Internkontrollen har manglar.**

#### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 6 (vurdere risiko)

Internkontrollforskrifta § 5, ande ledd punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrøt)

#### **Kommentarar:**

#### **Risikovurdering for ytre miljø er ikkje utarbeidd**

Verksemnda har ikkje utarbeidd ei skriftleg miljørisikoanalyse for verksemnda. Verksemnda skal gå gjennom alle aktivitetane sine for å finne ut om det er sider ved drifta som fører til fare for utslepp til ytre miljø, og kva for risiko dette utgjer. På bakgrunn av dette skal verksemnda utarbeide handlingsplanar for å redusere risiko. Risikovurderinga og handlingsplanane skal verksemnda dokumentere skriftleg.

Døme på kva som bør vere med i risikovurderinga for anlegg som handsamar EE-avfall:

- mottakskontrollen (hindre farleg avfall inn i anlegget)
- fast dekke (utslepp til grunn)
- handtering av farleg avfall (hindre miljøgifter på avvege)
- transport (støy og uhellsutslepp)
- lagerområde
- sorteringshallen
- levering av avfall vidare
- kompetanse og opplæring (sikre at farleg avfall ikkje blir oversett på grunn av manglande kompetanse. Må ha kompetanse for å kunne følgje forskrift og konsesjon)

Når det gjeld farleg avfall viser vi til vedlagde rettleiar frå Norbas om innlevering og deklarerer av farleg avfall. Vi ber også verksemnda vere merksam på at EE-avfall generelt ikkje blir sett på som farleg avfall, men at enkelte av dei utsorterte komponentane kan vere det. Døme på farlege komponentar er kvikksølv- og NiCd-batteri som blir demontert frå kretskort og kretskort med bromerte flammehemmarar. Desse skal derfor deklarerast på same måte som anna farleg avfall. Når farlege komponentar blir montert ut frå EE-avfall, skal handsamingsanlegget reknast som avfallsprodusent.

Avfallsprodusenten har ei rekkje krav i avfallsforskrifta kapittel 11. I hovudsak går desse ut på å identifisere farleg avfall, oppbevare avfallet sikkert, deklarerere og levere avfallet.

Dei aller fleste typar farleg avfall er også farleg gods, og transporten av slikt avfall er derfor omfatta av forskrift om landtransport av farleg gods (ADR-regelverket). ADR-regelverket viser ei rekkje plikter for mellom anna avsendar, transportør og mottakar.

### **Avvikshandtering av tilhøve som gjeld ytre miljø er ikkje tilfredsstillande**

Verksemda skal ha eit system for avvikshandtering som skal sikre at alle avvik blir registrert, for å rette opp, førebyggje og unngå utslepp til ytre miljø. Systemet skal sikre at det blir gjort tiltak som fører til at årsaka til avviket blir fjerna og at hendinga ikkje gjentar seg. Derfor skal det gå klart fram i ei skriftleg prosedyre når ein skal ta i bruk avviksmelding, kva som skal rapporterast og kven det skal rapporterast til. Det er viktig å definere kva eit avvik er, og gjere definisjonen kjent blant alle arbeidstakarar ved verksemda.

Ved tilsyn opplyste verksemda at dei har ingen avvik i år. Verksemda opplyste også at det kunne oppstå uventa hendingar ved henting av EE-avfall og i mottakskontrollen. Vi forstår at Bjørkhaug AS har ein spesiell situasjon når det gjeld avvikshandtering. Vi vil likevel påpeike at det kan vere eit godt reiskap for leiinga i arbeid med kvalitetssikring og utvikling.

### **Skriftleg rutine for handsaming av EE-avfall er mangelfull**

Verksemda har ei skriftleg rutine for handsaming av EE-avfall, «Rutiner ved demontering og resirkulering av IT-relatert utstyr». Rutinen omfattar ikkje handtering av mobiltelefonar og eventuelt anna EE-avfall.

## **8. Merknader**

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader.